

# UTBYGGINGSAVTALE

## I


### Strandbekklii, G.nr. 151, br. nr 5 i VINJE KOMMUNE

#### 1 Avtalepartar

Denne avtala er inngått mellom Vinje kommune, org. nr. 964 964 610 og grunneigar/utbygger Odd Skeie, f.nr. 19115448717.

#### 2 Utbyggingsområde/virkeområde

Denne avtala er knytt til reguleringsplan for Strandbekklii, del av g. nr. 151, br. nr. 5, PlanID 20130014, i Vinje kommune. Den nye planen legg til rette for utbygging av vegnett i den øvre delen av planområdet og **19 nye hyttetomter**/fortetting og utviding mot sørvest. Detaljplanen blei vedteken i kommunestyret 28.06.18, sak 18/63. Avtala omfattar tiltak innanfor planområdet.




### 3 Føremål/ grunnlag for avtala.

Denne avtala har sitt grunnlag i vedtak i Vinje kommunestyre i sak 07/4, 12/73 og 13/57.

### 4 Tiltak i detaljplanen

#### 4.1 G/S-veg:

Det skal leggest til rette for at det kan etablerast gang- og sykkelveg langs fylkesveg 37 i tråd med detaljplanen og Statens Vegvesens krav. Før utbygging tar til skal grunneigar avstå nødvendig grunn til G/S-veg innafor detaljplanens utstrekning. Grunnerstatning etter normalsatser i Vinje kommune<sup>1</sup>. Grunnen skal frådelast og overdragast etter nærmare avtale med Vinje kommune. Vinje kommune tek kostnaden med frådeling og overdraging.



#### 4.2 Tilrettelegging for stiar og løyper:

Det skal leggest til rette for etablering av sti og løyper innanfor planområdet, i tråd med detaljplanen, når dette er føremålsteneleg. Avtalar med IL Dyre Vaa gjeld som før, og på same vilkår.

### 5 Infrastrukturbidrag

Det skal betalast eit infrastrukturbidrag på 50 kr pr. m2 tomteareal regulert til fritidsbusetnad, omfatta av omreguleringa, ref. prinsippvedtaket fatta i kommunestyret den 07.06.2012. Det skal i denne avtala betalast infrastrukturbidrag for **19 tomter**. Infrastrukturbidraget forfell til betaling ved frådeling av hyttetomter frå grunneigars eigedom. Ved utbygging utan frådeling forfell infrastrukturbidraget når det bli gjeve byggeløyve. Kravet gjeld for nye tomter. Tomter som alt er godkjende i eksisterande plan er ikkje omfatta av denne avtalen.

Investeringsiltak som skal finansierast av infrastrukturbidraget er i hovudsak:

- G/S-veg i samsvar med detaljplanen
- Opparbeiding av løyper og stiar, og vedlikehald av desse, i det regulerte feltet.

### 6 Vatn og avlaup

Generelle krav til VA anlegg

- All vassforsyning skal vera godkjent.
- Grunneigar/utbyggjar må sjølv koste vatn- og avløpsnett frå det eksisterande kommunale hovudanlegget til sitt utbyggingsområde, i tillegg til det interne spreienett.

<sup>1</sup> Seinast justert og vurdert haust 2013 etter forlik med opplysningsvesenets fond (råtomtpris) 27 kr/m2.

- Alle bygg som vert pålagt knytt til det kommunale vatn- og avløpsnett via privat vatn- og avløpsnett skal betale tilknytingsavgift og årlege gebyr etter det «til ein kvartid» gjeldande regelverk.
- Før det kan byggjast ut etter detaljplanen, skal utbyggjar framlegge vatn- og avlaupsplan. Denne skal godkjennast av Vinje kommune, ved teknisk drift og vedlikehald. Planen skal syne berekningar for kapasitet samt trong for brannvatn.
- Vinje kommune kan setje krav til korleis vatn- og avlaupsnett vert dimensjonert og utført.
- Før det vert gjeve ferdigattest for vatn- og avlaupsnett skal Vinje kommune ha motteke innmålingsdata etter prosedyre frå TDV.
- Dersom det er aktuelt å knytte eksisterande hytter til vatn og avløp, skal grunneigar kunne framvise rekneskap på VA anlegg som grunnlag for tilkoplingsavgift/anleggsbidrag. Kan grunneigar ikkje dokumentere kostnader skal kommunens tilkoplingsavgifter leggjast til grunn som maks pris. Alle nye tilkoplingar av eigedomar svarar for kommunale tilkoplingsavgifter i høve til dei til ein kvar tid gjeldande regler om dette.

## 7 Transport av avtala

Denne avtala kan ikkje overdragast til annan part utan på førehand samtykke frå den andre parten. Samtykke kan ikkje nektast utan saklig grunn.

## 8 Varigheit

Denne avtala varer til den blir erstatta av ei ny avtale.

## 9 Tinglysing

Avtala skal tinglysast som hefte på de eigendommnar som inngår i virkeområdet etter punkt 2 over. Kostnader til tinglysing skal dekkast av grunneigar.

## 10 Tvist

Einkvar tvist mellom partane som spring ut av denne avtala skal søkast løyst gjennom tingingar. Oppnåast ikkje semje, blir tvisten avgjort av dei alminnelege domstolar. Partane vedtek Vest-Telemark tingrett som rett verneting.

Denne avtala ligg føre i to (2) likelydande eksemplar, eitt til kvar av partane.

Vinje, den 29/8 2018

.....  
Ordførar



Vinje, den 28/8 2018

.....  
Grunneigar G. nr. 151, br. nr. 5